

870318502

SKJELANGER BERNT KARSTEIN

Mobilnummer

916 08 198

E-postadresse

bernt.k.skjelanger@gmail.com

Kontonummer **** * 61330

Vedtaksdato

14.10.2020

Vedtaket er gjort av

Alver kommune

Søknadsdato

31.05.2020

Vår referanse

2020/11393, Agros 133292

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Utmarksgjerde i kystlyngheia.

Samandrag:

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 57 923 kroner i tilskot til SKJELANGER BERNT KARSTEIN til Utmarksgjerde i kystlyngheia.. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 13.09.2023.

Alver kommune viser til søknad av 31.05.2020.

Bakgrunn i saka

SKJELANGER BERNT KARSTEIN søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 31.05.2020. Du søker om totalt 58 473 kroner i tilskot for tiltak perioden 01.10.2020-30.08.2022. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 116 947 kroner.

Søklar ynskjer å gjerda inn eit område med eit permanent solid gjerde som ikkje hjorten lett kan øydeleggje, langs austsida av eigen teig i grensa mot bnr.13. I tillegg eit tverrgjerde langs nordside av den gamle torvvegen frå grensa i aust ,og vestover til det møter gjerdet mot Skjelanger Fort.

Søklar vil dela teigen i to og dette vil styre beitetrykket meir og gje ein kraftigare beiteeffekt.

Området er kystlyngheia som treng auka beitetrykk.

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv

ikkje eig landbrukseigedomen tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernmiddele som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Bakgrunnen er å kunne styre beitinga i lyngheia betre og auke beitepresset .Kystlynghei er ein naturtype som er eit resultat av menneskeleg aktivitet og som krev jamleg skjøtsel.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova(NML) §§8-12,JF.§7. Administrasjonen har gjennomgått artskart,naturbase og etter ei samla vurdering kome fram til at tiltaket som er omsøkt ikkje er i konflikt med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Administrasjonen meiner att tiltaket er i tråd med SMIL -ordninga sitt føremål,jf.forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket §1.Tiltaket er også høgt prioritert i kommunen sin SMIL -strategi.

Administrasjonen meiner at tiltaket vil vere positivt for naturtypen og bidra til at denne vert haldt ope og i hevd.

Kostnadsoverslaget vert slik: (kostnad basert på søkjers kostnadsoverslag)

Tiltak	beløp
Rydding av sitkagran i gjerdelina	4000
Gjerding 1500 meter	106647
Køyregrinder 3 stk*1500 kr	4500
Ganggrind 1 stk*700 kr	700
Sum	115847
Tilskotssats 50%	
Tilskot kr	57923

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 57 923 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 13.09.2023. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.
- Gjerde skal vera permanent med notegard, toppstreng og bendsletråd.
- Området skal nyttast til beite/ og eller slått i minimum 10 år frå løyving.
- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Sluttrapportering skal gjerast elektronisk via altinn. Skjema for rapportering finn du på landbruksdirektoratet si heimeside eller ved å logge inn på saka di i altinn

Husk å ta bilder undervegs, før timelister og ta vare på kvitteringar for utlegg som du har hatt undervegs tilknytt tiltaket.

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggst ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 115 923 kroner. Utbetalt tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresettt ved innvilging av tilskotet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Fylkesmannen i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Fylkesmannen i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
for Alver kommune

Saksbehandla av: Roba Al Serhan
Godkjend av: Kjartan Nyhammer